

Referat frå medlemsmøte 5. august 2019

Til stades: Cato Bekkevold, Hans Eivind Bjørnstad, Rolf Brun, Hans Olaf Gjelsnes, Harald Hove, Arne Aas, Hege Aas, Odd Frantzen, Marianne Johanstuen, Sigvardt Pran, Vidar Braaten, Appie Ruud, Pål Sindre.

- Presidenten ønskte velkomen til det første møtet i det nye rotaryåret. Det var to fødselsdagar å minnst denne dagen: Turid Åsum, 71 år 8. juli; Bjørn Myhrer 57 år 1. august.
- Den nye presidenten ønskjer å følgje opp tradisjonen frå president Sigvardt med eit dikt som innleiing til møta. President Pål fortalde litt om Jakob Sande, ein av favorittdiktarane hans, og las så diktet «Katten og kallen.»
- 5. august er vigselfesten for basilikaen Santa Maria Maggiore i Roma. Eit barnlaust romersk ektepar ville gjerne gje arven til Maria møy, og dei ba henne vise korleis det skulle gå til. Den 4. august spaserte ekteparet i lag med paven Liberius (pave 352-366) på Esquilihøgda, og der viste Maria møy seg. Ho sa at dei skulle byggje ei kyrkje til hennar ære på den staden dei dagen etter ville finne snø. Snøfallet skulle lage omrisset til kyrkja. Den 5. august snødde det i Roma, og snøen laga eit omriss av grunnplanen til kyrkja. Kor sant dette er, veit vi ikkje, men vi veit at det i alle fall blei reist (eller blei restaurert) ei kyrkje på Esquilihøgda i 432. I 1348 blei kyrkja skadd i eit jordskjelv, og blei bygd opp att nokre år seinare. Den dag i dag høgtidar dei 5. august i denne kyrkja, og dei slepp ned kvite roseblad over altaret som skal førestelle snø. Kyrkja er vel verdt å sjå, triumfbogen er frå 432, og bileta i apsis er frå 1200-talet. Alt flotte mosaikkar.
- Presidenten kom òg inn på kva som hende denne dagen i diverse år.
- Presidenten nemnde og INF-avtalen (mot utplassering av mellomdistanseraketar med atomstridshovud) som gjekk ut på fredag. Dette er òg litt av bakgrunnen for presidentens tema for dette året: Fred- og tryggingarbeid.
- Harald hadde ein treminuttar om stoda i landbruket, og Arne informerte om plassen «vår» nedanfor Esso'en. Han blir brukt av mange, det tyder mengda av boss på. Her trengst det ein liten dugnad, og kanskje ein avtale med Jafs, ettersom mesteparten av bosset er derifrå. Arne nemnde òg dugnaden på Tunet og yrkesmessa.
- Presidenten hadde bede om framlegg til program, og det kom mange interessante synspunkt:
 - Føredrag av Simen Stenseth om prostatakraft.
 - Hans Otto Glomsås om kornmagasinet.
 - Bedriftsbesøk på fengselet.
 - Møte om stråling v. Einar Flydal, helst intercitymøte. For info om synspunkta hans: www.einarflydal.com og www.fokets-stralevern.no Ellers kan du kikke på heimesidene til statens strålevern, www.dsa.no
 - Harald Holt om flomsikring.
 - Vindkraft og vindturbinar.
 - Omvising på slottet i Oslo.
 - Turid Nabben om valet, etterpå.
 - Dagfinn Moland om heimefronten, ev. nær 8. mai. Ev. intercitymøte.
- Loddrekking vin: Peder vann ei flaske kvitvin.

Tida gjekk fort, og det blei eit innhaldsrikt møte.

Referat ved Pål Sindre.